

# Prop. 25 L

(2010–2011)

## Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

### Endringar i lov 17. februar 1989 nr. 2 om bidragsforskott (heving av inntektsgrensa for rett til fullt bidragsforskott mv.)

*Tilråding frå Arbeidsdepartementet av 19. november 2010,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regeringa Stoltenberg II)*

#### 1 Hovudinhaldet i og bakgrunnen for proposisjonen

I proposisjonen her gjer Arbeidsdepartementet framlegg om endringar i ordninga med bidragsforskott med sikte på ei betre ordning for mottakarane med dei lågaste inntektene. Departementet foreslår å heve inntektsgrensa for å ha rett til fullt bidragsforskott, slik at grensa vert den same som grensa for når bidragspliktige vert friteken for å betale bidrag. Dette gir ei heving frå kr. 170 900 til kr. 217 200. Det vert òg gjort framlegg om å oppheve unnataket frå inntektsprøving for barn utan oppgitt far og einslege adoptantar med vidare. Endringa gjer at alle forskottsmottakarar vert inntektsprøvd etter dei same reglane.

Det er i samband med budsjettet for 2011 utarbeidd ei endringspakke med utgangspunktet i evalueringa av bidragsreforma av 2003 i St.meld. nr. 19 (2006–2007). Fleirtalet i Stortinget slutta seg til forslaga frå departementet, jf. Innst. S. nr 185 (2006–2007). Ein del av framlegga, som galdt endringar i barnelova, vart fylgt opp av Barne- og likestillingsdepartementet i Ot.prp. nr. 69 (2007–2008). Endringane tok til å gjelde 1. januar 2009 og inkluderte mellom anna ein auke av samværsfrådraga og oppheving av regelen om tilleggsbidrag når bidragspliktige har svært høg inntekt.

Desse endringane var i alt vesentleg til gunst for bidragspliktige.

Endringsforsлага i proposisjonen her gjeld forslaga i stortingsmeldinga til føremon for dei som har den daglege omsorga for barnet, dvs. endringane i ordninga med forskottering av bidrag, som rettar seg direkte mot mottakarane med dei lågaste inntektene og sikrar ei meir rettvis inntektsprøving enn i dag. Ein foreslår at hevinga av grensa for å få maksimalt forskott og gjennomføringa av vanleg inntektsprøving for barn utan oppgitt far mv. tek til å gjelde 1. mai 2011.

Departementet foreslår òg ei heving av inntektsgrensa for fritak for gebyr ved fastsettjing og endring av barnebidrag til det same nivået som grensa for å få maksimalt forskott. Denne endringa vert gjennomført ved endring i forskrift 11. april 2001 nr 1250 om gebyr for offentlig fastsettelse av barnebidrag.

#### 2 Heving av inntektsgrensa for rett til fullt bidragsforskott

##### 2.1 Gjeldande rett. Dagens inntektsgrenser

Forskotteringa av bidrag skal tryggje at barn busette i Noreg er sikra eit visst pengebeløp frå

staten til underhald i saker der foreldra ikkje bur saman. Bidragsforskott er subsidiært i høve til underhaldsbidrag frå bidragspliktige, og vert berre betalt ut om bidraget er lågare enn forskottet eller ikkje vert betalt i tide. Det er den som har den faktiske omsorga for barnet som er forskottsmottakar. Eit viktig vilkår for ytinga er at det vert fastsett eit bidrag i saka etter reglane i barnelova og at bidrag innkrevjast gjennom det offentlege for å sikre at det offentlege får refusjon for forskottet. Fullt forskott utgjer p.t. kr. 1 380 per månad.

Frå 2003 er forskottet inntektsprøvd og vert gitt med 50, 75 eller 100 prosent av fullt forskott. Retten til forskott fell bort dersom mottakaren har ei årleg inntekt på meir enn 320 gonger fullt bidragsforskott per barn per månad (no kr. 441 600). Grensene mellom 100 og 75 prosent og 75 og 50 prosent av fullt forskott er fastsette i "Forskrift om gjennomføringen av bestemmelsene om inntektsprøving av forskott" 6. februar 2003 nr 0125:

- Grensa for 100 prosent forskott skal svare til uredusert overgangsstønad etter folketrygdlava kapittel 15 tillagt ekstra barnetrygd og småbarnstillegg til barnetrygda for einslege forsørgjarar. Dette svarar no til kr. 170 900 pr. år. Denne grensa er eitt og same beløp for alle utan omsyn til barnetalet eller forsyttaren sin sivilstatus.
- Grensene mellom 75 og 50 prosent av fullt forskott er lik grensene for når bidragspliktige vert rekna å ha full forsytingsevne, dvs. den inntekta som er høg nok til å dekkje normerte avsetningar til underhald under omsyn til sjablongmessig rekna skatt og trygdeavgift. Ein tek omsyn til om mottakaren har ny ektemake/sambuar, eller om han/ho er einsleg forsytar. Grensene utgjer p.t. kr. 323 900 for einslige og kr. 290 000 for ektemakar/sambuarar, begge grenser på årsbasis, og vert auka med kr. 52 800 pr. barn dersom det er meir enn eitt barn i husstanden.

Retten til bidragsforskott fell bort dersom den einslege forsyttaren har ei årleg inntekt over 320 gonger fullt forskott pr. barn pr. månad (p.t. kr. 441 600). Denne grensa er eitt og same beløp for alle.

## 2.2 Departementet si vurdering og forslag

Ein bidragspliktig som bur aleine vert ikkje rekna for å ha evne til å betale bidrag dersom inntekta er under kr. 217 200 årleg, medan forskottsmottaka-

rar etter gjeldande regelverk ikkje får fullt bidragsforskott dersom inntekta hans/hennar er meir enn kr. 170 900. Skilnaden mellom desse grensene synest ikkje logisk eller rimeleg. Ein einsleg forsytar bør kunne få maksimalt forskott når inntekta ikkje er høgare enn at forsyttaren ville fått fritak for å betale bidrag.

I St. meld. nr. 19 vart det foreslått å heve grensa for 100 prosent forskott med om lag kr. 30 000. Arbeidsdepartementet meiner at grensa for å få fullt forskott og grensa for å betale bidrag bør vere dei same, og gjer difor framlegg om å heve inntektsgrensa for rett til maksimalt forskott med kr. 46 300 slik at grensene vert like. Dette er ei klar forbetring i høve til forslaget i stortingsmeldinga, og ein når difor ei større gruppe av forskottsmottakarar med låg inntekt. Inntektsgrensene for rett til 75 og 50 prosent forskott vert ikkje endra.

I St.meld. nr. 19 (2006–2007) vart det gjort framlegg om å endre terminologien i forskottsregelverket. Omlegginga av skattereglane i samband med bidragsreforma, der forskottet gikk fra skattbar til skattefri inntekt, gjorde at 75 prosent forskott reelt var på nivå med tidlegare fullt forskott. Ein mente difor at 75 prosent-satsen burde framstå som normalsatsen og dei to andre satsane som auka eller redusert sats. Departementet foreslår at dette vert følgt opp i samband med hevinga av grensa for maksimalt forskott, slik at:

- 75 prosent av fullt forskott vert "forskott".
- 100 prosent av fullt forskott vert "forhøyet forskott", som svarar til forskott med ordinær sats pluss ein tredel.
- 50 prosent av fullt forskott vert "redusert forskott" som svarar til forskott med ordinær sats minus ein tredel.

Endringa av terminologien gjer det naudsynt med ei omskriving av lovteksten.

Departementet viser til § 5 i lovforslaget.

## 3 Inntektsprøving av forskottsmottakarar med barn utan oppgitt far, einslege adoptantar m.v.

### 3.1 Gjeldande rett

Einskilde grupper forskottsmottakarar får etter gjeldande § 5 fyrste leddet andre punktumet fullt bidragsforskott inntil inntekta kjem opp i maksimalgrensa for rett til forskott. Denne bortfalls-grensa utgjer no kr. 441 600 pr. år. Dette gjeld

- barn utan oppgitt far

- barn adoptert av ein einsleg adoptant
- barn med ein avlidne forelder der barnet ikkje har rett til barnehelse frå folketrygda eller tilsvarende yting frå utlandet.

### **3.2 Departementet si vurdering og forslag**

I St.meld. nr. 19 (2006–2007) vart det framheva at det var vanskeleg å argumentere for å halde fram med særbehandlinga av desse gruppene etter omlegginga av skattereglane (sjå punkt 2.2), som førte til at det faktisk skjedde ei reell heving av den maksimale satsen for forskott. Det kunne da synast rimeleg at den høgaste satsen berre vert gitt til dei med lågast inntekt, og regelen om unntak frå full inntektsprøving vart difor foreslått oppheva.

Fritaket frå vanleg inntektsprøving kan opplevest som urimeleg gunstig i høve til einslege forsytarar med ein bidragspliktig som ikkje vil eller kan betale bidrag. Dei sistnemnte forsytarane får full inntektsprøving, sjølv om kan hende bidragspliktige i realiteten ikkje bidreg til oppfostringa av barnet. Eksempelvis kan innkrevjing føre til lite eller ingenting dersom den bidragspliktige bur i eit land Noreg ikkje har innkrevjingsavtale med. Fritaket frå vanleg inntektsprøving når bidragspliktige ikkje er kjent mv., er hevda å kunne verke som eit insentiv for forskottsmottakarar til ikkje å melde frå kven faren til barnet er.

Gruppene som i dag har fritak frå vanleg inntektsprøving vil generelt ikkje vere økonomisk verre stilte enn dei andre gruppene forskottsmottakarar. Til dømes kan einslege adoptantar ofte vere ressurssterke, godt vaksne personar som gjer eit medvitent val om å fostre eit barn aleine og som har økonomisk evne til dette. Det same kan òg gjelde dei som ikkje melder frå kven barnefaren er. I alle høve vil ein stor del av mottakarane framleis få maksimalt forskott, mellom anna på grunn av den hevinga av inntektsgrensa som er foreslått i punkt 2. Venteleg vil dette mellom anna gjelde alle i den vesle gruppa som får forskott av di dei ikkje har rett til barnehelse. Felles for desse tre gruppene er at bidragsmottakarar ikkje har nokon bidragspliktig å dele kostnadene til oppfostring av barnet med.

Departementet meiner etter dette at reglane om inntektsprøving av forskott bør vere dei same for alle, og foreslår oppheving av forskotteringslova § 7 sjette leddet om avgrensa inntektsprøving for forskottsmottakarar med barn utan oppgitt far, einslege adoptantar mv. Departementet viser til lovforslaget.

## **4 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar**

### **4.1 Ikraftsetjing**

Departementet foreslår at lova skal gjelde frå 1. mai 2011 og at endringane òg får verknad for saker der forskott er innvilga med verknad for tidsrom før denne dato. Av omsyn til den administrative førebuinga kan endringane ikkje gjelde frå 1. januar som foreslått i budsjettet.

### **4.2 Økonomiske konsekvensar**

Per desember 2009 var det 50 640 barn som fekk 75 prosent bidragsforskott og det er denne gruppa som vert påverka av forslaget om heving av satsen for å få maksimalt forskott (etter forslaga her "forhøyet forskott"). Inntektsfordelinga blant desse forskottsmottakarane er ikkje kjent, slik at anslag over kostnadene ved heving av inntektsgrensa er usikre. Ein reknar at utgiftene til dette tiltaket om lag svarar til innsparinga ved å oppheve særregelen for barn utan oppgitt far mv. Arbeids- og velferdsdirektoratet opplyser at det kan vere om lag 7 100 barn i den sistnemnte gruppa. Ein reknar med at utgiftene til utbetaling av bidragsforskott i 2011 vil auke med 14,1 millionar kroner på grunn av endringspakka, medan inntektene av refusjon i bidrag i 2011 aukar med 17,5 millionar kroner.

Som nemnt i innleiinga inkluderer endringsforsлага til beste for einslege forsytarar òg ei heving av inntektsgrensa for fritak for gebyr ved fastsettjing og endring av barnebidrag. Det er lagt til grunn at dette vil føre til ein inntektsreduksjon for staten i 2011 på 1,7 millionar kroner, slik at endringane samla vert rekna å gi ei innsparing på 1,7 millionar kroner i 2011.

Dei økonomiske utsлага på årsbasis er rekna til ei samla innsparing på 2,7 millionar kroner.

I budsjettforsлага er det lagt til grunn at endringa vil gjelde frå 1. januar 2011. Utsett iverksettjing til 1. mai som foreslått i proposisjonen her, gjer det naudsynt med tilsvarende justeringar på dei aktuelle budsjettpostane. Forslag om dette vert lagt fram i Revidert nasjonalbudsjett.

### **4.3 Administrative konsekvensar**

Endringane gjer det naudsynt med ei revurdering av forskottet til dei barna som etter gjeldande reglar får 75 prosent forskott, men som etter dei nye reglane vil få den høgaste satsen. Tilsvarande må ein revurdere forskottet i sakene utan oppgitt far. Arbeids- og velferdsdirektoratet må varsle den de-

len av forskottsmottakarane som kan bli omfatta av endringane. Dette er særleg viktig i høve til dei som vil kunne få redusert forskottsbeløpet. Endringane er venta å kunne få verknad for om lag 36 000 barn.

Til hjelp ved revurderinga må det gjerast endringar i IKT-systema slik at omrekninga av ytingane kan skje maskinelt. Dette vil også legge til rette for framtidig maskinell inntektskontroll og maskinell omrekning av ytingar, slik at meirarbeidet ved omlegginga fører til forenkling og administrativ innsparing i høve til det framtidige kontrollarbeidet.

## 5 Merknader til dei einskilde paragrafane

---

### *Til § 5*

Paragrafen vert endra på grunn av forslaga om heva inntektsgrense, for å få maksimalt forskott og endringar i terminologien, slik at 75 prosent av fullt forskott vert "forskott", medan satsane 100 og 50 prosent av fullt forskott vert "forhøyet" og "redusert" forskott. Vidare vert regelen om unntak frå vanleg inntektsprøving for barn utan oppgjeven far oppheva.

Etter forslaget til endringar i *første ledet* vert grensa for maksimalt forskott knytta direkte til regelen i barnelova § 71 første ledet andre punktu-

met om bidragsevne, slik at dei to grensene heile tida vil følgje kvarandre. Det vert presisert at ein skal leggje til grunn bidragsevnevurderinga for ein einsleg bidragspliktig utan barn. Leddet vert elles omskrive som følgje av endringane i terminologi. Noverande tredje punktumet om unntak frå vanleg inntektsprøving for barn utan oppgjeven far går ut.

Endringane i *tredje ledet* har samband med den endra terminologien.

Ein viser til punkt 2 og 3.

### *Til endringane i § 7*

§ 7 overande sjette ledet viser til særregelen om unntak frå vanleg inntektsprøving for barn utan oppgjeven far mv., og må opphevast som følgje av at unntaket går ut. Noverande sjuande og åttande ledet vert da nye sjette og sjuande ledet.

Ein viser til punkt 3.

### Arbeidsdepartementet

#### *til rår:*

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i lov 17. februar 1989 nr. 2 om bidragsforskott (heving av inntektsgrensa for rett til fullt bidragsforskott mv.).

---

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

**s t a d f e s t e r :**

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i lov 17. februar 1989 nr. 2 om bidragsforskott (heving av inntektsgrensa for rett til fullt bidragsforskott mv.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### **til lov om endringar i lov 17. februar 1989 nr. 2 om bidragsforskott (heving av inntektsgrensa for rett til fullt bidragsforskott mv.)**

#### I

I lov 17. februar 1989 nr. 2 om bidragsforskott vert gjort følgjande endringar:

§ 5 skal lyde:

§ 5 *Forskottets størrelse*

Departementet fastsetter det beløp som kan utbetales *som bidragsforskott* per barn. *Beløpet kan forhøyes eller reduseres med en tredjedel*, avhengig av forskottsmottakers inntekt. *Forhøyet forskott ytes dersom mottakeren ikke ville ha hatt bidragsevne etter barnelova § 71 første ledd andre punktum vurdert som enslig uten barn. Redusert forskott ytes dersom mottakerens inntekt overstiger en grense fastsatt av departementet.*

Den som setter fram krav om forskott eller som er tilstått forskott, skal selv dokumentere sine inntektsforhold i den utstrekning og på den måte som bidragsfogden bestemmer. Dersom det ikke legges fram slik dokumentasjon, kan krav om forskott avslås eller tilstått forskott stanses.

Departementet kan gi forskrift om hva som skal regnes for inntekt etter paragrafen her og om inntektsgrensen *for å kunne motta forskott med ordinær sats*. *Inntektsgrensen* fastsettes under hensyn til antall egne barn som forskottsmottakeren bor sammen med og forsørger og under hensyn til om vedkommende bor alene sammen med barna eller også har ektefelle eller samboer.

§ 7 sjette ledet vert oppheva.

§ 7 sjuande og åttande ledet vert sjette og sjunde ledet.

#### II

Lova her tek til å gjelde 1. mai 2011 og får øg verknad for saker der forskott er gitt eller vert gitt med verknad for tidsrom før denne datoен.





